



Tinfos AS, avd. Rosendal  
Pb. 96  
5486 ROSENDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/642 - 17/19036

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
26.06.2017

## Avslag på søknad om utsatt frist for gjennomføring av oppmålingsforretning - gbnr 246/1 Nipo

**Administrativt vedtak. Saknr: 302/17**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

Tinfos AS, avd. Rosendal

**Søknadstype:**

Søknad om utsatt frist for gjennomføring av oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 21-9.

Vi viser til dykkar søknad om ny utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning i tilknytning til løyve om å dele frå fallrettane i Botnaelva og grunn til kraftverk, sjå sak 2012/1389, motteken 12.01.2017.

I vår sak ble det gjort vedtak om løyve til deling den 02.07.2012 med frist for rekvisisjon av oppmålingsforretning innan 02.07.2015. Det vart søkt om utsett frist som ble innvilga i vedtak av 11.03.2015. Ny utsett frist ble satt til 02.07.2017. Det er no søkt om ytterlegare utsett frist i to år, dvs. til den 02.07.2019.

I dykkar søknad er det opplyst at nettilgang er en føresetnad for deling av eigedomar og rekvisisjon av oppmålingsforretning. Når nett er på plass, vil deling av eigedomar skje i samband med bygging av småkraftverk i Botnaelva (Dyrkolbotn kraftverk). Det er opplyst at tilgang på nett for Dyrkolbotn kraftverk tidlegast kan forventast å finne sted i årskiftet 2018/2019.

Vi legg til grunn at det framleis er svært usikkert når Dyrkolbotn kraftverk kan få tilgang på nett som er en føresetnad for deling av eigedomar og rekvisisjon av oppmålingsforretning.

Iht. pbl. § 21-9 fjerde ledd vil løyve til oppretting av grunneigedom/anleggseigedom falle bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning innan 3 år etter at løyvet ble gitt. Iht. bestemmelsen, så er rekvisisjon av oppmålingsforretning gitt ein tidsfrist på 3 år. Forarbeida til plan- og bygningslova av 2008 seier klart at «Bestemmelsen er en presisering av hvordan treårsfristen er å forstå for søknadspliktige tiltak som gjelder oppretting eller endring av eiendom». Hensyn bak bestemmelsen er at man skal sikre at

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



godkjente byggarbeider kommer i gang innan rimeleg etter at løyvet er gitt. Rimeleg tid er satt til 3 år. Dette har gode grunner for seg da tilhøvet til grunneigar, naturtilhøva og tilhøva for det konkrete tilfellet kan vere vesentleg endra. At løyvet til rekvisisjon for oppmålingsforretning faller bort innan 3 år, harmoniserer dessutan med pbl. § 21-9 første ledd som gjelder generelt for bortfall av løyver etter plan- og bygningslova. Det er her presisert at dersom det omsøkte tiltaket ikkje er «satt i gang senest 3 år etter at tillatelsen er gitt, faller tillatelse bort.»

Det er ikkje heimel for å gi utsett frist for rekvisisjon av oppmålingsforretning, jf. pbl. §21-9 (4). Rekvisisjon av oppmålingsforretning må gjennomførast innan 3 år etter at løyvet ble gitt. Når 3- års fristen går ut, utan at oppmålingsforretning er gjennomført, blir virkninga av overskridinga av fristen at det må søkjast på nytt om løyve til tiltaket.

I vår sak ble det gitt løyve den 02.07.2012 med frist til 02.07.2015. Ny utsett frist ble gitt til 02.07.2017 i skriv av 11.03.2015, til tross for at det ikkje er heimel for å gi en slik utsetting etter pbl. § 21-9 (4). I nemnte skriv ble det samtidig presisert at det ikkje kunne påreknas ny utsett frist. Dette for å «sikre at eventuelle nye og endra føresetnader i prosjektet kan vere vurdert, slik at vedtaket om deling er i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande føresetnader og samfunnsmessige krav», jf. side 2 første avsnitt. Det er varsla i vedtaket om fristutsetting at ingen ny fristutsetting kan forventast. De er såleis gjort kjent med at det er lite sannsynleg å få utsett frist nok ein gong.

Da det ikkje føreligg heimel til å gi utsett frist for oppmålingsforretning, blir søknaden om ny utsett frist avslått, jf. pbl. §21-9 (4). Når fristen går ut den 02.07.2017, utan at oppmålingsforretning er gjennomført, blir virkninga av overskridinga av fristen at det må søkjast på nytt om løyve til å dele frå fallrettane i Botnaelva og grunn til kraftverk.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §21-9 fjerde ledd vert det ikkje gjeve utsatt frist for gjennomføring av oppmålingsforretning.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/642**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

avd. Rosendal Tinfos AS  
Tinfos AS, avd. Rosendal

Pb. 96  
Pb. 96

5486  
5486

ROSENDAL  
ROSENDAL